



HAREID ROTARYKLUBB

Distrikt 2305
Klubbnr. RK 12713

Månedsbrev for juli og august
2024.

Årgang 60



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Astrid Velle
Visepresident: Karl Johan Bakken
Styremedlem: Svein Dag Slettebakk
Sekretær: Bernhard Harkjerr
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Ove Midtflø
Ansv.red.: Odd Arne Holstad
Referent: Odd Arne Holstad

KOMMERS I GEIRANGER

Je, dette blir ein stor kommers
Martha og Durek skal no til pers
Knele for presten med salmesong
Og vifte litt med ein blonk medaljong

Mange som bur på kongens slott
Synst ikkje dette er berre flott
Netflix, og også eit engelsk blad
Gjer ikkje slekta så særleg glad

Men kongen set ned sin eine fot
Dette er trøbbel og mykje rot
Norske aviser og TV blir nekta
Det likar slett ikkje resten av slekta

Eg trudde Martha og også sjamanen
Ville samle til festen alle sammen
Dei skal gi sitt ja på Vinjevollen
Det blit ikkje ført i slottsprotokollen

Sjølv sagt er det stor interesse
For giftarmål til ei ekte prinsesse
Stas det blir når den ekte sjamanen
Kneler for presten og seier AMEN

- Kbut Arne Høyvik -

Referat frå Rotarymøte 12. august 2024.



Dette var det første møte i det nye rotaryåret. Nyleg påtroppta president Astrid Velle ynskte velkommen til ett nytt rotaryår.
Ho presenterte sitt forslag til styre og komitear for det komande året.
Det kom ein del innspel på dette, og difor blir ei oppdatert komiteliste distribuert seinare.
Ho presenterte også sine målsettinga for det komande året. Her kan nemnast at ho vil arbeide for at klubben får minst 2 nye medlemmar,

Referat frå Rotarymøte 19. august 2024.

Programmet denne kvelden var egoforedrag av president Astrid Velle.
Ho fortalte om oppveksten på Valderøya, Ålesund, Kristiansund, Oppdal, Nerskogen nær Trollheimen, samt Rendalen i Østerdalen.
Ho gjekk på Blindheim Ungdomsskule, seinare Borgund Yrkesskule/Tømrarlinja, før ho gjekk 2 år på teknisk fagskule også i Ålesund. Det var der ho fekk interessa for betongfaget.
Ho fortalte deretter om yrkeskarieren. Ho ville opprinnelig bli frisør, men enda altså opp i byggebransjen.
Etter å ha jobba i fleire verksemder på Hareid, enda ho opp i Ulstein Betongindustri, der ho er tilsett i dag.
Ho bur i no Hovlida på Hareid og har to søner på 22 og 24 år.

Referat frå Rotarymøte 26. august 2024.

Då dette var siste møtet i månaden så ver det programfritt.